

Ordensreglar

Holmedal montessoriskule

1. Møt alltid fram til avtalt tid. Ta med melding dersom du har vore borte frå skulen, eller kjem for seint.
2. Ver varsam på skulevegen, og følg trafikkreglane. Dei som følgjer buss må oppføre seg slik at dei ikkje uroar sjåføren, eller utset andre for bråk og uro.
3. Sørg for at du sjølv og andre får nødvendig arbeidsro.
4. Sykling til og frå skulen er foreldra sitt ansvar. Trygg Trafikk gjev generelt råd om at barn er 10 – 12 år før dei sykklar åleine i blanda trafikk. Elevane får eiga sykkelopplæring om våren i 4. klasse. Dersom elevane sykklar til skulen, bør dei nytte hjelm. Ein skal parkere sykkelen på tilvist stad.
5. Driv ikkje med leik som er farleg.
6. I pausane skal du vere ute, dersom ikkje anna er avtalt med rektor. I perioden etter haustferien og før påskeferien vil det vere lov å nytte gymsalen i pausen, etter avtalte reglar og tider.
7. Vi brukar ikkje tyggegummi eller snop i skuletida, dersom ikkje anna er avtalt med lærar/rektor.
8. Vis respekt for eigne eller andre sine ting. Hugs at ting du øydelegg ved å vere uforsiktig, kan du og foreldra dine måtte erstatte.
9. Vi ynskjer ikkje å høyre ukvemsord (nedsetjande ord, skjellsord, bannord), verken mot barn eller vaksne.
10. Dersom du bryt skulen sine reglar eller nektar å følgje dei vaksne sine beskjedar, kan du få:
 - a) Tilsnakk
 - b) Brev med heim, og skulen tek vidare kontakt med foreldra
 - c) Innkalling til samtale med rektor
11. Ved alvorleg brot på ordensreglementet kan ein elev verte bortvist for enkelttimar eller for resten av dagen (*Opplæringslova*, § 2-10). Læraren kan vise bort ein elev for ei undervisningsøkt på maks to klokketimar. Lengre periodar krev vedtak frå rektor. Før det vert gjort vedtak om ei eventuell bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak av mindre alvorleg karakter. Ein skal gje eleven høve til å forklare seg munnleg for rektor. Foreldre/føresette skal i alle fall få varsel før bortvisinga er eit faktum. Ved vedtak om bortvising gjeld reglane i *Forvaltningslova*, kap. 4 – 16. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans.